



Grung Arkitektur AS
Fantoftvegen 16
5072 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 14/2115 - 18/11010

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
17.07.2018

Byggesak Gbnr 27/104 Kvalheim øvre - fritidsbustad - førehandsvarsel om tilbaketrekking av ferdigattest

Viser til vedtak om ferdigattest for fritidsbustad datert 06.06.2018.

Kommunen tok imot dykkar søknad om ferdigattest den 17.05.2018, med stadfesting på at det ikkje stod att arbeider. Gjennomføringsplan var påført dato for samsvarserklæring for utført arbeid i tråd med ansvarsrett, derunder for pipe og eldstad.

Søknad om ferdigattest var i tråd med søknad om oppføring av fritidsbustad, datert 01.07.2014, der det var søkt ansvarsrett PRO bygning for Grung arkitektur as og UTF pipe og eldstad for Thorli Murmesterforretning as.

Fritidsbustaden er som følgje av opplysningane i samband med søknad om ferdigattest registrert med pipe i matrikkelen og kommunen sitt system for kommunale avgifter.

Den 05.07.2018 har kommunen motteke søknad om løyve til tiltak for PRO/UTF montering av stålpipes og eldstad. Ansvarleg søker for tiltaket er Varme as.

Førehandsvarsel om oppheving av vedtak om ferdigattest og pålegg om retting

Det er i søknad om ferdigattest opplyst at tiltaket er utført utan attståande arbeid og erklært samsvar for pipe og eldstad. Når arbeidet med pipe og eldstad ikkje er utført er det gjeve uriktige opplysningar til kommunen og vedtak om ferdigattest er gjeve på feil grunnlag.

Det vert med dette varsla i samsvar med plan- og bygningslova § 32-2 at kommunen vil oppheve vedtak om ferdigattest med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, og vurdere

pålegg om retting etter plan- og bygningslova § 32-3.

Frist for retting

Før kommunen gjer vedtak med pålegg om retting har dykk høve til å rette det ulovlege tilhøvet.

Det ulovlege tilhøvet må rettast ved at det vert søkt om endring av den opphavlege søknaden for fritidsbustaden, anten ved endring av ansvarsretter for pipe/eldstad eller ved at pipe/eldstad vert trekt ut og søkt om i eiga sak. I båe tilfelle må det sendast inn ny, korrekt søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan for fritidsbustaden.

Kommunen minner om at ansvarleg prosjekterande for fritidsbustaden må vurdere om krav i teknisk forskrift framleis vil vere oppfylt ved endring av tiltaket.

Frist for retting er tre veker frå mottak.

Høve til å gje uttale

Før kommunen gjer vedtak om pålegg har dykk høve til å gje uttale. Uttale må vere sendt kommunen innan tre veker frå mottak.

Førehandsvarsel om tvangsmulkt

Det vert samstundes varsla at om det ulovlege tilhøvet ikkje er retta innan fristen kan kommunen utan nytt varsel gjere vedtak om tvangsmulkt etter plan- og bygningslova § 32-5.

Tilsyn

Saka vert overført det kommunale byggesakstilsynet for vidare oppfølging av dei ansvarlege føretaka.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt ingeniør/byggesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Stian Marøy
ingeniør/byggesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggesakstilsyn

postmottak

Kopi til:

Thorli Murmesterforretning AS Løbergssvingen 24 5055 BERGEN

Mottakrar:

Dikkedammen AS c/o Odd Bjørnar Soltvedt 5937 BØVÅGEN
Grung Arkitektur AS Fantoftvegen 16 5072 BERGEN
Sverre Karl Sylta Kråkenestoppen 169 5153 BØNES